

Språkleg klimavariasjon med anglo-amerikanske vinddrag

Helge Sandøy

1. Metaforikken

Det var Jørn Lund (1986) som først brukte klima-biletet i samband med opplegget til det nordiske språkmøtet i 1985. Der blei dei ulike språkpolitiske linjene i Norden fokuserte, og skiftande holdningar og kulturpolitisk bakgrunn blei nemnde som vilkår for dei ulike språksituasjonane vi finn i dei nordiske landa. Venås (1986) utvikla terminologien vidare ved å fokusere på det "språksosiologiske klimaet".

Vi dyrkar dei nordiske forskjellane, ikkje berre på nordiske språkmøte, men også elles når vi nordbuar treffest og utvekslar erfaringar. Samtidig veit vi at vi er så like. Dette gir oss eigentleg ein god posisjon i forskingssamheng: Dei nordiske språksamfunna er det ideelle forskingslaboratoriet, for der held ein alle andre faktorar konstante enn dei som skal undersøkjast når ein prøver å skaffe seg innsikt i samhengar. Det er ein metodisk fordel å ha færre relevante variablar å halde orden på. Dei nordiske landa er samfunnsmessig svært like, og dei er likt utvikla når det gjeld både politiske institusjonar og sosialpolitikk. Derfor eignar dessa landa seg for eit studium av f.eks. skiftande språkholdningar – av det nokså skiftande "språksosiologiske klimaet".

Også når det gjeld den moderne påverknaden under dei anglo-amerikanske vindane, ser vi nok for oss at det er forskjell på samfunna våre. For eksempel blir dansk rekna for det mest anglifiserte språket i Norden. Islandsk blir støtt assosiert til den strenge leksikalske purismen, og dermed blir det oversett kor mange tilpassa importord dette språket har. På islandsk verkar det sjølvsagt at ein skriv *kokkteilsósa*, *sjeik*, *kántryhátið* og *erobíkk* for "cocktailsauce, milkshake, country festival" og

Språkleg klimavariasjon med anglo-amerikanske vinddrag

"aerobic". Det er altså ikkje noko spesielt norsk eller svensk ved slik ortografisk purisme.

Enda ein illustrasjon på at språksituasjonen på Island og i Skandinavia viser likskapar, er dei to annonsane nedafor. Der er ikkje-tilpassa engelske ord understreka. Annonsane viser faktisk ein likskap i situasjonen for det praktiske språkrøktarbeidet.

TÆKNI NÚTÍÐAR - TÓNLIST FRAMTÍÐAR

Nord Modular Synthesizer

Clavia er fyrirtækið sem hannaði fyrsta sýndarsynthesizerinn fyrir um tveim árum og nú kemur það með aðra byltningar-kennda vöru, sem byggð er á sömu tækninni og færði ykkur Nord Lead hljómborðið. Þessi nýji synthesizer færir forritun og hljóðvinnslu nokkur skref framár í endalausri þróun.

Nord Modular er fjölraddasynthesizer þar sem þú gerir getur raðað saman þínum eigin synthesizer eftir þínum hugmyndum með mismunandi sýndargræjum í tölvuforriti. Þú getur svo stjórnað öllu saman í gegnum midí. Sýndargræjurnar er hefðbundnar uppbyggareiningar í analog-synthesizer eins og oscillatorar, filterar, envelope- og distortion eiginleikar og fullt af öðrum möguleikum. Hægt er að geyma allar stillingar og uppsetningu í Nord Modular. Auk þess eru 18 stýrirhnappar á tækinu og aðrir hnappar til að stjórna mismunandi aðgerðum.

Nord Modular er alvörusynthesizer sem getur verið virkað eins og venjulegt hljómbord. Sýndargræjurnar eru 100% tölvuforrit og það mun vera hægt að fá ný forrit í gegnum netið á slóðinni www.clavia.se/nordmodular.

Nord Modular er fjögurra parta fjölraddasynthesizer sem býður hver upp á 4 raddir eða meira (allt upp í 32 raddir) en þetta ræðst af hversu flókin radd-uppsetningin er. Þetta er græja sem er hættulega fullkominn og býður upp á allt það sem þig hefur dreymt um með analog hljóðm. Kynntu þér nýjar og spennandi leiðir í hljóðvinnslu.

MiniLAN – nettverk for små bedrifter

MiniLAN er et nyutviklet 8 unit 10 rack beregnet for nettverk i små bedrifter. Det kan inneholde RJ45 Cat5 patchepanel eller KRONes unike ISDN patchepanel samt hylle for miniHUB eller ISDN router. Siden MiniLAN har et lekkert design kan det plasseres hvor som helst. MiniLAN kan utvides til 64 RJ45 uttak pr. rack og kan stables både i høyden og i bredden.

Vi burde gripe sjansen til å forstå meir av oss sjølve og teste systematisk om vi har bygd opp urette forestillingar om kvarandre. Forholdet til anglo-amerikansk påverknad er både aktuelt og likt i alle landa, og eignar seg såleis som forskingsobjekt. Eit jamførande nordisk forskingsprosjekt om språkpolitikk og språkholdningar kan også gi oss grunnlag for å utvikle generell innsikt i kva vilkår i samfunnet som verkar inn på språkholdningane. Slike innsikter kunne hjelpe oss å diskutere kva som er tenlege språkpolitiske tiltak i landa våre i ei tid der vi alle opplever same språkpresset.

Nedafør skal eg drøfte nokre innfallsvinklar som kan vere aktuelle i ei granskning av den språkpolitiske situasjonen.

2. Språket som kulturelt objekt

a. Særspråk

Dei generelle språkholdningane kan tolkast som raffinerte uttrykk for ei kulturell fokusering – som er eit resultat av samspillet mellom samfunnsmessige krefter. Det vil seie at ein ikkje treng tolke språkholdningane slik at dei først og fremst er retta mot språket; ein tolkar dei slik at dei viser korleis språket blir dyrka som eit kulturelt objekt fordi denne dyrkinga tener eit samfunnsmessig mål for individa og for kollektivet.

At språket er eit kulturobjekt, kan ein lettast å sjå om ein studerer individueringa av 'språk', dvs. avgrensinga av kva som er 'eit spesifikt språk' (= særspråk) i motsetning til 'språk som fenomen'. Det kjem f.eks. klart fram hos Tore Jansson i boka

Språken och historien (1997). Han fortel om samfunn der språket i bestemt form ikkje eksisterer, dvs. at samfunnsmedlemmene ikkje har noka oppfatning av at dei snakkar eit spesielt språk som ein kan omtale med eit eige namn. Det næraste ein kjem hos bantu-folka, er at dei skil mellom personar dei forstår, og personar dei ikkje forstår. Det må ei "indoktrinering" til for å få folk til å tenkje på språket dei bruker, som eit bestemt språk med visse særdrag som skil det frå andre språk.

Jansson (1997) bruker som definisjon av 'eit språk' at språkbrukarane sjølve må oppfatte språket sitt som spesielt. Det vil seie at det må vere utvikla eit kollektivt medvett, som igjen vil seie at omgrepet som dette medvettet refererer til, er eit kulturelt objekt. Eksistensen av omgrepet er nettopp avhengig av dette medvettet; det er skapt i hjernane på folk, i fantasien. Omgrepet språk i denne oppfatninga er altså ikkje eit resultat av induksjon over språkmateriale i samfunnet.

Med denne definisjonen framstiller Jansson m.a. korleis spansk, fransk og italiensk blei til eigne 'språk' ved at dei nye skriftmåla fekk namn og funksjon. Først blei dei brukte berre som skriftleg uttrykk for folkeleg diktning, for det "eigentlege språket" var latin, sjølv om talemåla etter kvart låg langt unna. Seinare blei dei brukte som symboluttrykk for statsdanningar. Og dermed kan eit viktig poeng uttrykkjast i den velkjende frasen om at eit språk er ein dialekt med ein hær og ein flote.

Med ein slik innfallsvinkel kan ein lettare begynne å oppdage kor mye av tankane våre om språk som byggjer på at vi har gjort språket til eit *kulturelt objekt* – til forskjell frå språket som eit strukturlingvistisk objekt.

Det er som kulturobjektet språk har ulike funksjonar i ymse samfunn. Det endrar funksjon gjennom historia pga. samfunnsomskifte slik at vi i befolkninga kan finne holdningar som er produkt av ulike historiske epokar. Framleis lever personar som har vore sosialiserte inn i eit tradisjonelt bondesamfunn, eller inn i det nyindustrielle samfunnet tidleg på 1900-talet, inn i ei tid med nyvunne nasjonalt sjølvstende (Noreg i 1905, Finland i 1917 og Island i 1918), inn i eit markert lagdelt samfunn,

inn i eit klårare "kjønnssegregert" samfunn, osv. Gjennom 1900-talet har det funnest mange språkidentitetar, og språket har tent ulike funksjonar i dei livsløpa eldre og yngre har vore igjennom. Med å studere variasjon i holdningar i eit slikt historisk perspektiv kan vi skaffe oss djupare innsikt i vilkåra for holdningsdanning. Møter vi engelsken med ulike føresetnader i dei ymse landa?

Når eit spesielt språk blir skilt ut, heng det gjerne saman med at det får ei autorisert norm som gjer det lettare å definere presist innhaldet i dette spesifikke språket. Med ei norm blir det lettare å referere til språket (NB: i bestemt form). Ikkje minst blir det no lettare å gi ei viss språkform ein preskriptiv funksjon. Ved standardiseringa blir det dermed lettare å bruke språkkunnskapen til å regulere handlingar og skape lojalitet til fellesverdiane.

Ein gjer språket til eit kulturelt objekt ved at ein tillegg det spesielle verdiar som ein kan dyrke. Som andre kulturelle objekt kan det utnyttast som kulturell kapital, for å bruke Pierre Bourdieus (1993) formulering, dvs. at ei viss språkform får ein sosial verdi som folk utnyttar for å gi seg sjølve ein identitet, eller ein verdi på den sosiale marknaden. Sosiokultane er altså ei "kapitalisering" av språket: I bestemte samfunnsfunksjonar må ein vise fram den kulturelle kapitalen for å oppnå tiltru. For eksempel ville det vere utenkjeleg i Noreg (jamvel i 1999) med ein administrerande direktør som snakka austkantmål frå Oslo. Det ville vere verre enn om han mangla dei andre kulturkapitalane som direktørar bør ha: Interesse for biletkunst, kjennskap til vinar, og til skikk og bruk i selskapslivet.

Også med å bruke engelske ord kan ein auke sin eigen marknadsverdi. Men verdiauken kan skifte frå miljø til miljø og kan skje frå land til land.

b. Normer og holdningar

Sosiale normer kan definerast som forventningar om åtferd, og språknormer blir da forventningar i språksamfunnet om måtar

å bruke språket på. Språknormene blir internaliserte i språkbrukarane gjennom sosialiseringa, og når dei er internaliserte, utgjer dei ein (oftast taus) kunnskap om institusjonelle fakta i samfunnet, dvs. om korleis åtferda blir tolka, om reaksjonar ein kan vente seg, osv. Dermed påverkar altså normene den språklege åtferda vår.

Vanleg er det at det finst fleire alternative normer i samfunnet, og kva for nokre som blir internaliserte hos eit individ, er styrt av mange faktorar. Ein kan tenkje seg at

- nokre er slike som ein tolkar ut frå den språklege åtferda ein ser rundt seg,
- nokre fangar ein opp ved at det blir uttrykt sterke positive eller negative holdningar til visse typar åtferd,
- nokre lærer ein som kunnskap om offisielt fastsette normer,
- nokre tek ein i bruk fordi ein veit dei blir oppfatta som uttrykk for at talaren står for visse verdiar og holdningar (jf. kulturell kapital),
- nokre tileignar ein seg fordi dei uttrykkjer samhald med det lokale samfunnet, osv.

Normkjeldene kan altså vere mange i den prosessen der individa byggjer opp sitt individuelle normsett, og vi ser at somme kan vere styrte av etablerte samfunnsvilkår. Men vi ser også at somme normer kan styrast av eit ønske om korleis ein sjølv ønskjer å vere eller bli oppfatta; dei er dermed ein del av den personlege identiteten. *Dei individuelle normene* er altså internaliserte gjennom ein prosess som representerer eit samspel mellom sosiale krefter og subjektive ønske.

Vi ser her det nære sambandet mellom normer og holdningar. 'Holdningar' er definerte som nokså stabile individuelle reaksjonsmønster, som har ei retning, er positive eller negative, og har skiftande styrke. Dei kan få *uttrykk* i *meningsytringar*, i *kjenslereaksjonar* og i *praksis* (dvs. ein kognitiv, affektiv og kognativ komponent). Sjølv 'holdningane' er ein djupareliggjande "mental and neural state" (Eagly & Chaiken 1993) som ein ikkje

får direkte tilgang til, og dei tre uttrykksformene er derfor indirekte data.

Etter ein slik definisjon blir det klart at dei individuelle 'språknormene' kan reknast som del av holdningane, dvs. som holdningar som påverkar den språklege åtferda vår (den konative komponenten).

Allmenne språkholdningar er ein komponent ved norm-internaliseringa, og dei kan verke inn på den språklege åtferda. Språkrøkta prøver å vere ei slik kraft: Purismen er ein open og medveten freistnad på å skape alternative språkformer og å styre det individuelle valet av språkleg form. Kor sterkt språkrøkta kan hevde seg som føresetnad i internaliseringsprosessen, er avhengig av sosiale krefter vi framleis har lita innsikt i. Men det viser at måten ålmenta sluttar opp om purismen på, skiftar i dei nordiske landa. Grunnen kan vere skiftande rammer for gruppeidentifikasjonane. George Thomas (1991) legg i boka si om *Purism* vekt på tre funksjonar som purismen har i samfunnet: solidaritet, separasjon og prestisje, og vi kan da sjå etter kva grupper som utnyttar språket til slike funksjonar.

c. Grupper - identitet

Tilknytninga til ei gruppe er ein viktig del av identiteten vår. Hogg & Abrams (1988) drøftar ei sosialpsykologisk forståing av gruppeidentiteten og understrekar at han krev ei markering av både ein indre likskap og ein forskjell frå andre, dvs. at desse to perspektiva er to sider av same sak. Gruppeopplevinga hos gruppemedlemene skjer gjennom ei kategorisering av likskapar og forskjellar. Gruppeidentiteten kan uttrykkest på mange måtar, både i klede, verdiar, holdningar, meiningar, dans, språk osv.

Når ein skal beskrive identiteten åt folk, talar ein om dei to komponentane *sosial identitet* og *individuell identitet*, dvs. at vi på ein del område legg vekt på å vere lik ei gruppe, men at vi ein også har visse område vi skil oss frå gruppa på. Det er

gruppa som avgjer kva område ho krev homogenitet og lojalitet på.

Gruppefunksjonane er tydelegast i ungdomsmiljø. Slike grupper har eit visst sosialt hierarki ved at nokre individ eller gruppemedlemmer utgjør kjernen i gruppa, og dei andre medlemmene har større og mindre avstand frå kjernen. Beskrivinga føreset dermed ikkje berre eit anten-eller. Dei som er i utkanten av ei gruppe, er der ikkje berre av di dei ikkje greier å vere typiske eller ikkje enno har lært seg det typiske, men også fordi somme ikkje ønskjer å gå fullstendig opp i det typiske. Dei mest typiske for gruppe er kjernemedlemene, og dei har ein maktfunksjon innafor gruppa ved klårast å markere verdiane åt gruppa. Dei i ytterkanten av gruppa er prøvande eller nølande tilhengarar, slike som har eit ønske om å komme litt eller mye innafor gruppa. Slik Bent Preisler (1999) skildrar det, er det dei øvst på rangstigen "som tusinder af andre unge fra alle samfundslag – mere eller mindre konsekvent – søger at efterligne, og som de er villige til at betale rigtig mange penge for at få adgang til, fx til tøj, danseskole, cd'er, koncerter osv." Slik framstiller Bent Preisler det i granskinga si frå Roskilde (1999) om nokre ungdomsgrupper. Han kallar dei søkjande for "wanna-be's":

"Wanna-be-fænomenet er uden tvivl den vigtigste faktor i udbredelsen af subkulturens stiludtryk til hele samfundet. Da de fleste unge danskere regelmæssigt køber flere forskellige subkulturens betydningssymboler, og da det engelske sprog er det måske væsentligste betydnings- og værdisymbol for samtlige de anglo-amerikanske subkulturer, betyder dette at indførelsen af engelsk nedenfra først og fremmest sker via de unge generationer." (Preisler 1999: 233.)

Desse prøvande tilhengarane kan oppnå aksept gjennom å ta i bruk symbola, f.eks. dei språklege.

Gruppene, eller subkulturane, er ikkje berre isolerte kulturar, dei er konkurrentar på ein samfunnsmarknad. Dei "er-

obringshistoriene" som Preisler finn i subkulturane, viser at gruppene har eit mål og eit ideal. I hipphopp-gruppa står breikdansen som eit symbolsk uttrykk for eit opprør hos dei undertrykte ved at dei gjennom dansen viser at dei meistrar noko som skaper respekt hos andre. Dei er f.eks. stolte over at dei har fått vere med i eit fjernsynsprogram.

Eit mål for subkulturane er å vinne godkjenning og ros i storsamfunnet; og nemninga 'erobringshistorier', som Preisler bruker, går da nettopp på tilfelle der gruppene har erobra ein posisjon i det dominerande storsamfunnet. Desse subkulturane representerer dermed ikkje eit fullstendig brott med samfunnet. Dei dyrkar nokre alternative verdiar, og dei prøver å vinne innpass i samfunnet med desse verdiane. Dermed melder dei seg til tevling på den same samfunnspolitiske marknaden som alle andre interessentar, dvs. alle andre kulturgrupperingar eller sosiale grupperingar.

At nokre er kalla 'subkulturar', blir oftast knytt saman med at dei står for visse aktivitetar som er på kanten av lova. Slik har også Preisler brukt termen. Men ein kan jo like godt definere alle underkulturar i den store samfunnskulturen som subkulturar, dvs. jamstille dei på marknaden. Og grupper finn ein også utafor ungdomsmiljøa. Storsamfunnet representerer altså ein stor stridsarena der kampen gjeld kva verdiar som skal erobre, få godkjenning eller dominere. Dermed kan alle vi som har ein eller annan verdi å kjempe for, kategorisere oss i subkulturar, og da lèt vi omgrepet rekke lenger enn berre til ungdommen. Også dei som arbeider for dei nasjonale orda, representerer ein subkultur. Dei særkulturelle inngruppefunksjonane kan ein jo sjå i f.eks. dei norske språkstridsorganisasjonane, anten det er på riksmålssida eller på nynorsksida. Språket, orda og formene har jo her svært eintydige symbolfunksjonar, endatil med utvikla ideologiske rettferdiggjeringar. Alle prøver å skaffe seg "erobringshistorier" ved å vinne innpass i den dominerande maktutøvinga i samfunnet.

Dette er ei relativisering der vi alle er i ei eller fleire grupper, store og småe. Preisler formulerer si innsikt i språk-

utviklinga slik: "Sproget er en folkelig *proces*, og dets form er overalt og til stadighed til forhandling som et værdisymbol for alle slags grupperinger, bevægelser og interesser i samfundet." (Preisler 1999: 240.) Dette set han opp mot eit tradisjonelt elitistisk akademisyn for språkutviklinga som ein språkleg danningssprosess. For nordmenn, som har erfaring frå språkstrid i 150 år, bør det ikkje vere vanskeleg å gripe og støtte poenget åt Preisler. Men han overdriv det, for i ein fullstendig modell bør nok eliten og det formelle og økonomiske maktapparatet likevel tilkjennast ein viss plass. Prosessen (eller forhandlingane) føreset minst to tyngdepunkt. Men vi nærmar oss i alle fall ein forståingsmodell for kreftene som styrer ordimporten, slik at vi kan bestemme sosiale variablar i ei gransking.

3. Variasjonen

Jørn Lund (1986: 35) har skildra noko av den nordiske variasjonen slik:

"Mindst sprogbevidst er det danske sprogsamfund. Svenskerne er formodentlig en kende mere sprogbevidste, herefter følger i en rækkefølge, der angiver stigende sprogbevidsthed, finnerne, finlandssvenskerne, nordmændene og færingerne. Bemærkninger om samer, islændinge og grønlandere følger senere."

Det er ikkje presisert kva innhald Lund her legg i 'språkmedvett'. Truleg siktar han til offentleg språkdiskusjon, der nettopp færøyingar og islendingar skårar høgast pga. den puristiske linja. Men det kan tenkjast andre måtar å definere eit språkmedvett på – særleg om ein tek utgangspunkt i at språket er eit kulturobjekt – for det er fleire måtar å engasjere seg i språket på. Den danske "majonæse-krigen" (jf. Hansen & Lund 1994: 107f.) vitnar jo også om eit språkleg engasjement, men verdiane folk vurderer etter, er her andre enn dei ein finn blant færøyingar og islendingar. Språket er blitt kapitalisert på ulike måtar i Danmark og på Island. Dette er Lund kanskje oppmerksom på, for han skriv seinare i artikkelen sin: "Lad mig gøre det klart,

at jeg ikke uden videre betragter det som en lykke for et samfund at være sprogbevidst." Dermed er det opna for å relativisere innhaldet i språkmedvettet.

Omgrepet 'språkklima' har Lars Vikør (1993: 179) har presisert slik: "What is taken for granted in a particular country at a particular time, what is generally regarded as desirable, what is controversial, what is inconceivable?" Her får vi også rom for dei ikkje-sagde verdiane.

a. Nasjonal fokusering

Det verkar svært tilfeldig kva forskjellar som blir ein del av det kollektive medvettet ved at folk stadig kommenterer og nemner dei – og dyrkar dei. Somme språkforskjellar er det berre trente språkvetarar som oppdagar; andre kan nok også meinigmann leggje merke til, men utan å bry seg om dei.

Det er eit sprang mellom det å vite om forskjellar til å fokusere på dei. Fokuseringa føreset interesse motsetnad, og kanskje ho også føreset ei makt som organiserer interesse motsetnaden og bruker fokuseringa som ein del av ideologitviklinga.

Å kategorisere seg som ei gruppe er ein måte å framheve felles eigenskapar, verdiar, normer og ideal på. Dette skaper indre lojalitet. Den språklege standardiseringa av dansk på 1500-talet kan slik tolkast som ein freistnad å halde saman det store riket. Maktapparatet skapte eit medvett om noko som kunne styrkje fellesskapskjensla i alle "ledemod af Danmarks rige". Språket blei tillagt symbolverdi, for språkleg fokusering er ofte avhengig av statsdanning og statsmakt.

Denne standardiseringshistoria har teke seg opp att i land etter land. Etableringa av det svenske riksspråket begynte truleg alt på 1400-talet, og Gustav Vasa hadde på 1500-talet bruk for å styrkje dette symbolet for å skape eit sterkt Sverige. Den seinare forsvenskinga av Skåne er også eit tydeleg eksempel på kva politisk rolle språket fekk.

Færøyane har vore igjennom tilsvarande fasar, men mye seinare: Det måtte skapast eit medvett om at folket hadde eit eige

språk, deretter har bruken av det vore sterkt knytt til sjølvstendestrident. Den islandske språkhistoria kan også tolkast i lys av striden for sjølvstende, men her er forskjellen den at isendingane ikkje trong skape eit nytt skriftleg særsmål.


Samane har rettnok ikkje laga seg sin eigen stat, men det er klart at språkfokuseringa har vore viktig i kampen for å ta tilbake makta over sitt eige samfunn.

Da Noreg skilde lag med Danmark, fekk det landet eit "nasjonalt" problem pga. at språket var blitt eit kulturobjekt, uttrykt i ideologien om at nasjonal særstatus burde markerast i språket. Det problemet enda med to konkurrerande løysingar, nynorsk og bokmål, for her dukka eit tilleggsspørsmål opp: Korleis skulle standarden sjå? Ein fekk intern konflikt om symbola. Den norske språkstriden har preg av ein regional konflikt, og såleis kunne ein tenkje seg at han svekte oppslutninga om det nasjonale. Men det er neppe teikn på det. Omgrepet 'nasjonal' er ikkje så enkelt.

Fokuseringa av særsmålsstatusen har altså vore vesentleg i alle dei nordiske landa. Truleg samsvarer positive holdningar til purisme med sterke ønske om nasjonal eller regional suverenitet. Denne samanhengen er det svært vanleg å peike på (jf. både Venås 1986: 10, Lund 1986: 37 og Vikør 1993). Ein må rekne med at utslaga av denne faktoren er sterkast i dei historiske periodane der suverenitetsspørsmålet er mest aktualisert. Dei nordiske språksamfunna står her i ulike fasar.

Vi kan tenkje oss at ein slik hypotese f.eks. kan vere med og forklare den leksikalske purismen på Island, og den mindre sterke i Skandinavia, der nasjonal suverenitet ikkje har vore noko intenst politisk tema på lenge. Redusert interesse for leksikalsk purisme i finsk kan samsvare med at den finske suvereniteten etterkvart også har lang tradisjon. Den færøyske diskusjonen nett no om suverenitet frå Danmark kan ein tenkje seg skulle auke interessa for færøysk leksikalsk purisme.

Vikør (1993: 180f.) har i beskrivinga si av språkklimaet ei forsøksvis rangering av dei nordiske språksamfunna på ymse aksar. Aksen for leksikalsk purisme ser slik ut:



På akse for kor strengt ein tilpassar importord (= ortografisk purisme), foreslår han denne rangeringa:



Det samiske og det grønlandske språksamfunnet er dei to som mest arbeider med nasjonsbygging i dag, men dei er ikkje dei mest markerte når det gjeld leksikalsk purisme – dvs. at dei blir avvikarar i mønsteret nemnt ovafor. Men det ser derimot ut til at den ortografiske purismen står sterkt i dei to språka.

Suverenitetspoenget kan modifierast noko i retning av at det ikkje er det formelle sjølvstendet som er avgjerande, men opplevinga av å ha ein ytre trugsel. Den kan vere avhengig av storleiken på språksamfunn. Poenget kan spissformulerast som ein kontrast der ein på eine sida ser for seg at mindre språksamfunn som er under sterkt ytre press, viser stor ideologisk vilje til purisme, men også stor påverknad i faktisk språk. På andre sida ser ein at større språksamfunn viser liten påverknad på den faktiske språkbruken samtidig som dei heller ikkje har store ideologiske sperrer mot import.

Suverenitetshypotesen krev at ein utviklar ein metode for å teste styrken i dei ymse identitetane. Her må ein sjølvstekt sikte til identitetskjenne på andre område enn det språklege, for elles blir ein test ei ringslutning. Denne identitetskjenne må knytast til samfunnsendingar som er geografisk definerte, i motsetning til å vere sosialt stratiferte. At ein da på ein og same gong kan ha ulike nivå i identifikasjonane (som regional, nasjonal og nordisk), er velkjent, og dei representerer inga motsetning.

b. Standard-historie

Dyrkinga av standardspråket er blitt ein svært viktig del av samfunnsorganisasjonen vår. Det skriftlege standardspråket blir lært i skoleverket og dominerer som skriftleg medium. I talemålet er ikkje dyrkinga likeins i alle land. Sverige og Danmark har lengst historie for ein skriftstandard, og i desse to landa har også eit standardtalemål vunne brei geografisk plass og fortrent tradisjonelle dialektar. På Island, Færøyane og i Noreg finst inga semje om eit standardtalemål, og dialektane utviklar seg på annan måte. Særleg i Noreg har regionaliteten vore dyrka gjennom brei dialektbruk.

Lund (1986: 37) har kopla standardiseringstradisjon og språkmedvett, og vi kan føre koplinga vidare til purisme. Land med lang og stabil standardiseringstradisjon har lågare språkmedvett og dermed mindre positiv holdning til purisme.

Ein kunne gått vidare med resonnementet: Nordmennene, som har vant seg til stadige endringar i skriftnorma, kunne ein tenkje seg fekk ei meir teknisk holdning til skriftspråket. Skriftstandarden står ikkje for noko opphøgd og uomtvisteleg korrekt; han er gjennomskoda som eit resultat av politiske kompromiss. Det kunne gjere folk villigare til å leggje om skrivemåten av utalandske ord sjølv etter å ha blitt vane med å sjå dei i utalandsk form.

Men her er det vanskeleg å sjå ein tydeleg samanheng i empirien, ettersom dei to nordiske landa med lengst standardiseringstradisjon er Sverige og Danmark, og dei er nokså ulike i

forholdet til ortografisk purisme. Kan hende liknar Noreg og Sverige meir i ortografisk-puristisk politikk, men standardiseringstradisjonen er svært ulik. Islandsk og færøysk har historisk stabile rettskrivingar, men fører ein puristisk politikk. Ein ev. samanheng må såleis tydeleg vere meir innfløkt.

Stor avstand mellom skrift og tale gjer interessa for ortografisk purisme lågare. Lund (1986) har peikt på denne samanhengen, og han siktar til dei danske forholda der uttalen meir og meir vik av frå skriftbiletet, slik at samsvaret som ein gong var, blir mindre og mindre gjennomskiktig. (Dette kan skje med eit gammalt standardspråk.) Med ein slik skrift-tale-avstand stikk utalandske skrivemåtar av importord seg ikkje så mye av. Men det morfologiske systemet kan derimot vere puristisk. Det gjer at ein ut frå ein slik samanheng kunne tenkje seg at dansk gir betre vilkår for morfologisk purisme enn for ortografisk.

Denne hypotesen verkar forståeleg og sannsynleg. Men metodisk er det mange vanskar med å teste han.

c. Språkstrukturen

Det språklege skiljet blir stundom overdrive, slik at ein får inntrykk av at islandsk og færøysk språkstruktur både føreset og gir betre vilkår for purisme enn dei skandinaviske språka gjer. Dette spørsmålet kan ikkje avgjerast på ein enkel måte, men for å vise at ein slik påstand neppe er haldbar, kan ein dra fram at såkalla i-omlyd og avlyd, som islandsk og færøysk brukar i si ordlagning, også finst i dei skandinaviske språka. Når det på islandsk er prøvd med eit avløyssarord som *úthenda* for 'handout', er i-omlyden brukt. Det same gjeld i f.eks. det færøyske *tellda* for 'datamaskin'. Også på skandinavisk kunne ein lett forklare språkbrukarane ein slik samanheng mellom *a* og *e* i *hand* og eit ev. ord *uthende* eller i *tal* og eit ev. *telde*. Men slik lagar ein ikkje moderne nyord i dei skandinaviske språka. Det islandske ordet *þóta* for 'jetfly' er laga på perfektum partisipp *þótinn* av verbet *þjóta* 'kvine, fare fort'. Norsk har det tilsvarende verbet *ryte* 'blåse, kvine' med partisippet *toten*, men det

ville neppe vere realisme i å foreslå det nye substantivet *tote* i norsk.

Her er altså forskjellen ikkje så stor når det gjeld den språklege strukturen; det er meir klimaet hos språkbrukarane som er ulikt. Retorisk kunne ein framstille det slik at ein i dei skandinaviske språka ikkje "torer" å utnytte morfologien. Det ein gjer i staden, er meir einsidig å lage samansette ord, jf. *datamaskin* der islandsk har *tölva*. Som desse to eksempla også viser, legg ein i islandsk ofte inn assosiasjonar og metaforar (jf. *tölva* som er knytt til *tal* og *völva* 'spåkvinne'). Det kan sjå ut til at vellykka avløyssarord i skandinavisk er gjennomgåande nøkterne samansetningar, og dei lykkast best når det ikkje så lett blir oppdaga at orda er nye (jf. Sandøy 1999). Denne forskjellen i korleis vi lagar avløyssarord, kan avspegle ein skilnad i "språkleg vågemot".

Norsk, svensk og dansk har nokså lik politikk, der ein frå språknormeringsorgana ikkje arbeider så systematisk med å utvikle avløyssarord anna enn innafor ein del fagspråksfelt. I allmennspråket er det likevel ein tendens til at avløyssarord blir tekne i bruk, men det skjer meir tilfeldig enn på Island og Færøyane. Mengda av importord blir såleis større. Desse importorda har svensk og norsk ein lang og sterk tradisjon for å nasjonalisere (jf. *basseng* og *bassäng* mot dansk *bassin*), men det er blitt gjort mindre med dei moderne engelske importorda enn med dei eldre frå andre språk. Purismen i desse landa har såleis vore i mindre grad leksikalsk enn på Island og Færøyane, men han har derimot vore sterk innafor morfologi og ortografi – særleg i svensk og norsk. Dansk har delvis følgd same mønsteret, men den ortografiske/fonologiske purismen ser ut til å stå noko svakare der.

Finsk hadde lenge ein sterk puristisk tradisjon på alle språklege nivå, og det blei laga ei mengd avløyssarord for etablerte omgrep i den perioden språket blei teke i bruk som hovudspråk i landet (jf. *ylippilas* for 'student'). Denne leksikalske purismen er nok blitt veikare med tida, men tendensen til ortografisk purisme er sterk (jf. *prestiisi*, *taksi*, *krooli* for

'prestisje, taksi, kråle'), sjølv om det har vore gjort ei fonologisk innrømming ved delvis å godta dei stemte plosivane *b* og *d*, jf. *bulevardi* 'bulevard'. Ein del yngre anglisismar finn ein også i uassimilert form, som *aerobics*, *show* og *underground*. (Vikør 1993: 197f.)

Samisk har neppe hatt så sterk leksikalsk purisme som finsk, men ein del avløyserord er blitt laga og blir laga også i vår tid: *boaðus* 'resultat', *árbevierru* 'tradisjon'. Likevel er det tilpassingsstrategien ein lettast legg merke til: *rádio*, *musihkka*, *kultuvra*, *universitehtta*, *telefuvdna*. (Vikør 1993: 200.)

Grønlandsk har også fått ein del spontant laga avløyserord, for eksempel er *umiarsuaq* 'dampbåt' laga av orda for 'stor' og 'båt'. Men det har heller ikkje der vore drive så systematisk arbeid for leksikalsk purisme som i islandsk, færøysk eller finsk. Jamt over er språket nokså ope for importord, men dei blir aller oftast tilpassa: *sukkulaat*, *aviisi*, *sukkut*, *telefoni* 'sjokolade, avis, sukker, telefon'. (Vikør 1993: 218.)

Dei ulike løysingane i dei seks nemnde språka kan illustrerast som nedafor, der avløyserorda er sette i kursiv, og dei tilpassa importorda er understreka. Ordutvalet er lite, så ein bør ikkje lese kvantitative tendensar ut av oppstillinga:

Islandsk	Færøysk	Norsk	Svensk	Dansk
<u>bíll</u>	<u>bilur</u>	<u>bil</u>	<u>bil</u>	<u>bil</u>
<u>djús</u>	<u>djús</u>	<u>jus</u> ¹	<u>jos</u> ²	juice
<u>tékki</u>	<u>kekkur</u>	<u>sjekk</u>	check	check
<u>blöffa</u>	<i>lumpa</i>	<u>bløffe</u>	<u>bluffa</u>	<u>bluffe</u>
<i>hjól</i>	<u>súkkla</u>	<u>sykkel</u>	cykel	cykel
<i>bæklingur</i>	<i>lysingarhefti</i>	<u>brosjyre</u>	<u>broschyr</u>	<u>brochure</u>
<i>laug</i>	<i>hylur</i>	<u>basseng</u>	<u>bassäng</u>	<u>bassin</u>
<i>afstaða</i>	<i>hugburður</i>	<i>holdning</i>	attityd	<i>holdning</i>
<i>tölva</i>	<i>telda</i>	<i>datamaskin</i>	<i>dator</i>	<i>datamat</i>
Finsk	Samisk	Grønlandsk ³		
<u>auto</u>	<u>biila</u>	<i>Kamutit</i>		
<u>juissi</u> ⁴	<u>juvsa</u> ⁵			
<u>sekki</u>	<u>šeahkka</u>	<i>aningaussanut</i>		
<u>bluffata</u>	<u>bløffet</u> ⁶	<i>nakutitsivok</i>		
<i>polkupyörä</i>	<u>sihkel</u>	<u>síkilerpok</u>		
<i>brosyyri</i> ⁷	<u>brošyra</u>	<i>agdlagaK</i>		
<i>allas</i>	<u>baseanga</u>	<i>tatsiaK</i>		
<i>asento</i>	<i>guoddu</i>	<i>timip</i>		
<i>tietokone</i>	<i>dihtor</i>			

¹ Vanlegaste skrivemåten er *juice*, men også *jus* er i bruk.

² Vanlegaste skrivemåten er *juice*, men også *jos* er i bruk.

³ Orda er oppførte etter Aage Bugge o.a. (red.): *Dansk-grønlandsk ordbog*. København 1960.

⁴ Ordet skal visst vere lite brukt. Vanlegast er *tuoremenu* ('fersk saft').

⁵ Lite brukt.

⁶ Lite brukt.

⁷ Vanlegare i standardspråket er *esite*. Men også varianten *brosari* finst i ledig stil.

5. Nye vilkår i dag?

a. Individualisme og modernitet

Mange opplever at vi i dag har komme over i ein ny fase; men tida kan verke motsetningsfylt, så ho er vanskeleg å tolke. Globalisering er det rådande stikkordet, og 'jorda rundt'-generasjonen set preg på kulturen. Det ligg kanskje eit ideal bak om å vere den som meistrar verda. Det kan i alle fall vere ein viktig komponent i den personlege "identitetsdesignen" – for å bruke eit ord frå eit tidsrett reklamebyrå.

Men denne erobringa skjer på vegner av ein sjølv. Det blir hevda at individualismen pregar tida vår, ei tid der marknadsliberalisme er rekna som ei velsigning. Ein avis kommentar til norvageringsarbeidet i Norsk språkråd i 1996 var slik:

"Dette ser jeg på som et siste, dødfødt utspill fra en utdøende generasjon. Ungdommen av i dag går ikke på snakkbar, de chiller i cyberspace. Vi må respektere de nye ordene som det de er, nemlig en utvikling mot et langt mer internasjonalt språk. Løsningen er nok heller å bygge videre på dette.

[...] Når barna er under så sterk innflytelse av engelsk som de er nå, fra TV, data, filmer, reklame osv., bør vi ike [sic!] se på dette som noe negativt, men heller godta den utviklingen som må komme. La heller barna få dra nytte av denne påvirkningen. Jeg er bare glad for alle de nye ordene som presser på fra utlandet, det gjør meg bedre rustet til å møte en stadig kjappere og mer bevisst verden, hvor språkkunnskaper betyr alt. Teknologien venter ikke på noen ..." (*Åndalsnes Avis*, 15.2.96.)

Den sterke økonomiske og materielle globaliseringa kan vi neppe rømme unna. Ho kan på fleire måtar framstillast som ei lykke for menneska ved at ho spreier impulsar vi vil rekne som framsteg. Dei mange nye inntrykka som globaliseringa fører med seg, dei kontrastane vi møter, og den innsikta at dei tradisjonelle verdiane våre (den heimlege eller vestlege kanon) ik-

kje er sjølvsgade, skaper ein tvil og ein refleksjon som gjer den tradisjonelle kulturen til ein uskyldstilstand vi ikkje kjem tilbake til.

Også dei vitskaplege diskusjonane har støtta utviklinga og lagt vekt på å dekonstruere dei tradisjonelle omgrepa våre, slik at vi sit att med relative omgrep og verdier. Vi kan tolke moderniteten og postmodernismen som kulturelle uttrykk for dei nye erkjenningane.

Erkjenningane som skapest av dei globale inntrykka, kjem til å bli meir allmenne, og den språklege importen frå den anglo-amerikanske kulturen (som formidlar inntrykka) er ein del av globaliseringa. Dermed kan ordimporten opplevast som uttrykk for nettopp tvilen til dei tradisjonelle verdiane. Det ligg noko paradoksalt i dette at ei innsikta i større variasjon kan bli ledd i ei einsretting, som òg er eit resultat av globaliseringa.

Men kva er svaret på den nye refleksjonen? Kanskje er postmodernismen ein mote som går over – likeins som andre motar. Når vi er fylte og mette av globale inntrykk, av etnisk mat osv., vil vi igjen ha behov for å tvile på den totale variasjonen. Da kan vi igjen få behov for å understreke det som bind oss saman i mindre samfunnseiningar. Ein spådom om at dette valet blir aktualisert, kan byggje på ei tru om at mennesket har eit grunnleggjande behov for ein sosial identitet.

Vi kan òg tolke moderne uttrykk for nasjonalisme og regionalisme som utslag av leiting etter ein ny og sjølvvald identitet. Tendensar til regionalisering kan dermed tolkast meir som uttrykk for eit nytt og sterkare behov for kulturelt og sosialt "lim", enn som ein rest frå eit eldre samfunn. I eit historisk perspektiv kan vi kanskje også seie at globaliseringa i dag ikkje er noko heilt nytt fenomen; ho er berre eitt av dei tilfella i historia der eit samfunn blir overfløymt av svært mange nye impulsar på kort tid.

Tilpassa uttale av engelske ord kjem ikkje av seg sjølv lenger i dag, slik at norsk ungdom snakkar helst om *snowboard*, mens vaksne ofte bruker forma *snøbrett*. Islandsk ungdom har derimot akseptert avlørsarordet *snjóbreiti*. Men dei store kultu-

relle omskifta i dag gjer at ein må rekne med raske omsnunder, og det er blitt hevda at også islandsk ungdom dei aller siste åra i aukande grad er begynt å bruke ord i engelsk form.

b. Kulturøkologi og politisk/sosialt ansvar

Det finst ein måte å argumentere for språk og språkgrenser på som skil seg frå den historisk-nasjonale. Det er den såkalla kulturøkologiske grunngevinga for at det har ein eigenverdi med språkleg mangfald, ettersom kulturelt mangfald kan vere eit vilkår for å halde oppe eller auke den kulturelle kreativiteten. Homogenisering og effektiv kommunikasjon i verda kan ha negative følgjer om dei reduserer mangfaldet.

Den grunnleggjande premissen er at menneska og menneskeslekta vil auke overlevingsevna si med å halde på eit kulturelt og språkleg mangfald. Det vil seie at variasjonen er ein rikdom i kulturen likeins som i naturen. Ulike erfaringar, ulike samfunn og ulike tankar vil vere fruktbare for kreativiteten, som er grunnlaget også for nyutviklingar og tilpassingar:

”the separation of the world’s population into different groups speaking different languages helps the growth of cultural diversity, which in turn can lead to opportunities for the development of alternative modes of exploring possibilities for social, political and technological progress.” (Trudgill 1991: 68.)

Det er trugselen mot dei småe språka i verda som har auka interesse for dette perspektivet for det er eit tap for verdskulturen kvar gong eit språksamfunn går under, ikkje for språket sin del, men for verdskulturen som mistar eit instrument til gruppedanning og variasjon. Eit slikt perspektiv framhevar den synsmåten at språket også er noko anna enn berre eit instrument for effektiv informasjonsutveksling, og det gir språket andre verdjar.

Dette perspektivet kan nok dragast langt og mistolkast om ein vil. Men det representerer ein motsats til ei ”teknokratisk” tilnærming, som har som logikk at det tener kommunikasjonen (og internasjonaliseringa) om språk blir meir like kvarandre, og

om småe språk døyr ut. Eit økologisk perspektiv kan gi støtte til både ein nasjonal og ein regional språkpolitikk, men ikkje til eit nasjonalistisk eller nasjonalromantisk språksyn. Ein nasjon treng ikkje vere noko meir enn ei eining for samfunnsorganisasjon, og det er god nok legitimering. Denne legitimeringa kan òg setjast inn i eit demokrati-ideal; nasjonar kan effektivisere demokratiet.

Dette er uttrykk for ei verdsåskoding eller eit politisk syn som rettferdiggjær arbeidet for å halde oppe særspåka i verda. Resonnementet kan brukast vidare til å grunnge arbeidet med å styrkje særspåklege drag, f.eks. gjennom former for puristiske tiltak.

c. Fagleg-politisk ansvar

Det er svært vanskeleg å finne reine språklege argument for purisme eller anna normeringsarbeid. Vi endar med det politiske. Om vi prøver oss med den argumentasjonen at språket blir meir gjennomsiiktig med nasjonale/heimlege ord, og at språket blir lettare å lære for nye språkbrukarar dersom vi held på ein klårare struktur, er dét òg til sjuande og sist argument som tek utgangspunkt i språkbrukaren. Det er altså ideal utafør språket sjølv som legitimerer normeringspolitikken på den eine eller andre måten.

Heldt vi alle slike verdjar utafør, kunne språkvetaren seie at språk ville vi få same kva vi gjorde, same kva blandingsprodukt som blei resultatet. Og som språkstrukturar er alle interessante og truleg like gode.

Vi har her komme borti eit ømt område for språkvitskapen. Junggrammatikarane hadde opplagt eit dilemma. Dei hadde sterk interesse for det historiske, og fekk dermed òg ei innsikt i krefter som påverka språkutviklinga. Men vitskapsidealet deira var at ein ikkje skulle innverke på utviklinga. Dei aksepterte utviklinga som ein del av den naturen dei beskreib. Seinare språkvitskap har for ein del vore prega av same holdninga, men den auka innsikta i sosiolingvistikk, altså forholdet mellom språk og

Helge Sandøy

samfunn, har gjort det vanskelegare å unngå å bli involvert. Språkleg verdinøytralitet er lingvaldarwinisme, hevdar Lars Vikør (1997).

Når språkpolitikk er studieobjektet, er det ikkje til å unngå at den innsikta studiet gir, i neste omgang blir eit argument i politikken. Språkvetarane har dermed komme i same situasjonen som andre vitenskapsfolk, at ein må leve med å vere både tilskodar og deltakar, for etter at samfunnet har oppnådd refleksjon og innsikt, er ikkje verda lenger den same som før ein oppnådde det. Ein har ete av kunnskapstreet og må drivast or paradiset. Idealet blir ikkje lenger å halde fingrane unna fatet, men å utvikle den ærlege refleksjonen kring si eiga dobbeltrolle. Men samtidig inneheld idealet også ei tru på at det er råd å skilje mellom tilskodar- og deltakar-funksjonen på refleksjonsnivået, sjølv om dei blir to sider av same sak på aksjons-nivået.

Dermed kan ein våge seg til å reflektere over kva ein er med på; somme vil hevde at det er ei plikt. Å beskrive standardspråket kan ha som funksjon at ein styrkjer ideen om og statusen åt standardspråket, dvs. at ein styrkjer den nasjonale gruppeidentifikasjonen. Er det godt eller dårleg? Det kan vel neppe vere verre enn andre tiltak som forbettrar nasjonen som organisasjon og samfunn.

Språkhistorisk er altså ikkje endringar berre noko som skjer. Sosiolingvistikken fortel oss at dei er resultat av samfunnskrefter. Språkpolitikken er ein måte å ta makta over desse kreftene på for å styre mot eit ønskt mål. *Er-* og *bør-*spørsmåla heng saman.

Litteratur

- Bourdieu, Pierre & L. J. D. Wacquant 1993. *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Eagly, Alice H. & Shelly Chaiken 1993. *The psychology of attitudes*. Fort Worth: Harcourt.
- Hansen, Erik & Jørn Lund 1994. *Kulturens Gesandter. Fremmedordene i dansk*. København: Munksgaard.

Språkleg klimavariasjon med anglo-amerikanske vinddrag

- Hogg, M. & D. Abrams 1988. *Social identifications. A social psychology of intergroup relations and group processes*. London: Routledge.
- Janson, Tore 1997. *Språken och historien*. Stockholm: Norstedts
- Lund, Jørn 1986. Det sprogsociologiske klima i de nordiske lande. Kommentarer og påstande. I: *Språk i Norden 1986*, s. 17–30.
- Preisler, Bent 1999. *Danskerne og det engelske sprog*. Roskilde: Roskilde Universitetsforlag.
- Sandøy, Helge 1999. Engelske ord i norsk. I: Davidsen-Nielsen o.fl. (red.) *Engelsk eller ikke engelsk? That is the question. Engelsk indflydelse på dansk*. S. 65–89. København: Gyldendal.
- Thomas, George 1991. *Linguistic Purism*. London & New York: Longman.
- Trudgill, Peter 1991. "Language maintenance and language shift: preservation versus extinction." I: *International Journal of Applied Linguistics 1/91*, s. 61–69.
- Venås, Kjell 1986. Tankar om det språksosiologiske klimaet i Norden. I: *Språk i Norden*, s. 6–24.
- Vikør, Lars S. 1993. *The Nordic Languages. Their Status and Interrelations*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 1997. Ordskifte. I: *Purisme på norsk? (Norsk språkråds skrifter nr. 4.)* S. 59. Oslo: Norsk språkråd.